

Fylkesmannen beklagar**06.07.2011**

Det er ikkje so ofte offentlege instansar beklagar noko, men no har det skjedd i 2 sakar frå Uskedalen der fylkesmannen i Rogaland er settefylkesmann.

Den eine er byggjesaka til Per Arild Sjøwall i Kleivadalen og den andre oppføring av treplatting og utlegging av flytebrygge på Skorpo for Brit Margrethe Dale.

I begge saker viser fylkesmannen til tidlegare utsendt førehandsmelding med melding om sakshandsamingstid.

Fylkesmannen melder at handsaminga av dei to klagesakene dverre har vorte forseinka, men at dei vil bli handsama i løpet av sommaren/høsten.

Breva til dei to sluttar med at fylkesmannen beklagar den lange sakshandsamingstida.